

**Leik med
meg!**



16.-17. OKTOBER

Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde

Småbarndagar **2024**

TYSDAG 16. OKTOBER

- Kl. 09.00 Registrering og kaffi.
- Kl. 09.30 Kulturelt innslag.
- Kl. 09.45 Velkomen v/Ingvild Stedje.
- Kl. 10.00 «Barneperspektivet» - Korleis førebygge traume og bidra til meistring i krevjande situasjonar v/Maren Østvold Lindheim.
- Kl. 10.45 Pause.
- Kl. 11.10 Maren Østvold Lindheim held fram.
- Kl. 12.00 Lunsj.
- Kl. 13.00 «Klovnumikasjon - ein veg inn til barnet» v/Siv Øvsthus.
- Kl. 13.45 Maren Østvold Lindheim held fram.
- Kl. 14.25 Pause med frukt.
- Kl. 14.40 Maren Østvold Lindheim held fram.
- Kl. 15.30 Avslutning.



ONSDAG 17. OKTOBER

- Kl. 09.00 «Barnehagekvalitet og samspel» v/May Britt Drugli.
- Kl. 09.45 Pause.
- Kl. 10.00 May Britt Drugli held fram.
- Kl. 10.45 Pause.
- Kl. 11.00 Kulturelt innslag.
- Kl. 11.15 Lokale foredrag.
Barn som pårørende i psykisk helsevern v/Hanne Østenstad.
Presentasjon av BUFA Sunnfjord kommune v/Monica Loen Grov.
- Kl. 12.00 Lunsj.
- Kl. 13.00 «Frileik på godt og vondt» v/Anita Skogstrand.
- Kl. 13.45 Pause med frukt.
- Kl. 14.00 Anita Skogstrand held fram.
- Kl. 14.45 Avslutning og utlodning.




Førelasarar

MAREN ØSTVOLD LINDHEIM

Maren Østvold Lindheim er psykologspesialist, og jobbar ved Avdeling for barn og unge si psykiske helse ved Oslo universitetssykehus, Rikshospitalet. Ho har lang erfaring med å hjelpe barn og familiar der barnet har erfaringar knytt til somatisk sjukdom, smerter, og krevjande undersøkingar og behandlingar. Ho driv Friluftssykehuset OUS, og er oppteken av å skape tryggleik og meistring gjennom å spele på lag med barna sine ressursar og utviklingskrefter. Lindheim har skrive artiklar om klinisk hypnose og den terapeutiske effekten av naturopplevingar. Lindheim er også utdanna som forteljar, og formidlar barna sitt perspektiv på ein levande måte.

SIV ØVSTHUS

Siv Øvsthus er skodespelar og sjukehusklovn. Ho starta Helseklovnane og introduserte sjukehusklovning på Haukeland sykehus i 2000. Siv er teaterlærer og har opplæring av nye klovnar for sjukehusklovnane, og held foredrag om kunst og helseklovnar. Siv er oppteken av "her og no" - teater, improvisasjon, og det som skjer i dei mellommenneskeleg møta "der det kan oppstå ei magisk kraft."



MAY BRITT DRUGLI

May Britt Drugli er ph.d.i pedagogikk og er professor ved Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – psykisk helsevern og barnevern (RKBU) ved NTNU, og professor II ved Høgskolen i Innlandet. Ho er involvert i fleire forskingsprosjekt om små barn i barnehage. Drugli har lang erfaring frå utviklingsarbeid med merksemd på relasjonskvalitet innan barnehage og skule. Ho har gitt ut fleire fagbøker, samt ei rekkje vitenskapelige artiklar og fagartiklar. Drugli er ein mykje brukt foredragshaldar på tema små barn i barnehage. Innlegget om barnehagekvalitet og samspel vil omhandle ein modell for å jobbe med samspelkvalitet på småbarnavdelingar, Trygg før 3 år. Innlegget vil òg ta føre seg foreldresamarbeidet og merksemd på vaksenrolla i møte med særskilt sårbare barn.

ANITA SKOGSTRAND

Anita Skogstrand er barnehagelærer og spesialpedagog tilsett som seniorrådgjevar ved Regionsenteret for barn og unge si psykiske helse RKBU Vest. Ho har brei erfaring frå arbeid i barnehagar som pedagogisk leiar, styrar og spesialpedagog. Ho er sær oppteken av betydninga av at barn skal ha det trygt og godt i barnehagen. Leiken si betydning i barna sine liv, og kor viktig det er å sørge for at alle er inkludert. I innlegget om frileik på godt og vondt vil ho òg kome inn på det som kan bli vanskeleg i det sosiale samspelet mellom barn, og kva vaksne må vere merksame på.



Stad: Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde
Tid: 16.-17. oktober 2024.
Pris: kr 1950,- inkl. lunsj begge dagar
Påmelding: www.smabarnsdagane.no
Ope for påmelding i tidsrommet **19.08-19.09.**
NB! Påmelding er bindande.

E-post: administrasjon@smabarnsdagane.no
Ved spørsmål, kontakt Førde BUP tlf. 57 83 92 07

Målgruppe: Helsesjuepleiarar, jordmødre, kommunelegar, barnehagar, barnevern, PPT, personell ved fødeklinnk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, pedagogar, psykologar og andre som arbeider med barn og familiar.

Godkjenning: Kurset vert søkt godkjent av Dnlf, og NPF for vidare og etterutdanning og NSF, meritterande for godkjenning til klinisk spesialist i sjukepleie/spesialsjukepleie. Oppdatert informasjon om godkjenning av kurs vert lagt ut på nettsida.

Arr.: «Samarbeidsgruppa for sped- og småbarn i risiko for psykiske vanskar». I år representert av Helse Førde (Psykisk helse for barn og unge og Psykiatrisk klinikk), RKBU og Sunnfjord barnevernteneste. Arrangementet skjer med støtte frå RKBU Vest, og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

I år er det barn frå Ytre Hafstad barnehage som har illustrert brosjyra.

